

Retningsliner kulturtilskot Aukra kommune

Aukra kommune har to typar kulturtilskot det kan søkjast på:

A – Driftstilskot (Kulturmidlar) – Søknadsfrist 1. mai

B – Prosjekttilskot (Fondet «Tilskot til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet») – Søknadsfrist 1. mars og 1. september

Overordna målsetting med tildeling av kulturtilskot i Aukra

Kulturen er limet som bind samfunnet saman til ein heilskap. Tildeling av kommunale kulturtilskot skal ha som hovudmål å halde oppe, stimulere og vidareutvikle eit mangfaldig og rikt kulturliv i kommunen.

Kven kan søke

Lag og organisasjonar som er registrert i Frivillighetsregisteret og driv sin aktivitet i Aukra kommune kan søkje om tilskot.

Følgjande fyller ikkje retningslinene for å få tilskot

- a) Lag, organisasjonar og tiltak som alt er finansiert av offentlege midlar.
- b) Lag, organisasjonar utan demokratisk oppbygging og/eller med lukka medlemskap.
- c) Politiske organisasjonar
- d) Organisasjonar som tar i vare yrkesinteresser eller har kommersielt føremål

Søknadshandsaming

- a) Søknadane blir utgreidd av eining for kultur
- b) Livsløpsutvalet har mynde til å gjere tildeling

A - Driftstilskot (Kulturmidlar) – Søknadsfrist 1. mai

Det er i fellesskapet si interesse at kulturlivet har gode rammevilkår for å oppretthalde, utvikle og vidareføre kulturelle tiltak. Driftstilskot er økonomisk tilskot til den daglege drifta av laget og organisasjonane.

Søknadane vert inndelt slik:

- Tilskot til samfunnshus og organisasjonseigde hus
- Tilskot til idrettsorganisasjonar
- Tilskot til song og musikkorganisasjonar
- Tilskot til andre lag og organisasjonar

Vilkår for søknaden:

1. Det skal søkast elektronisk
2. Med alle søknadar skal det ligge årsmelding, rekneskap for siste året, samt budsjett for søkaråret

3. Barne- og ungdomsarbeid skal ha høg prioritet, og ein vil vurdere dokumentert aktivitet.
4. I vurderinga av storleiken av tilskotet vil det bli lagt vekt på medlemstal, alderssamansetning, aktivitetsnivå og generelt kostnadsnivå for aktivitetane.
5. Tilskot til oppstart av nye lag, eller nye aktivitetar vil bli vurdert her.

B - Prosjekttilskot (Fondet «Tilskot til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet») – Søknadsfrist 1. mars og 1. september

Vilkår for søknaden:

1. Det kan søkast om tilskott til utbyggingstiltak, opprustingstiltak eller arrangement. Fondet er ikkje meint å skulle gi støtte til vanleg driftstiltak innan laget eller organisasjonen.
2. Søknaden skal skissere tiltaket, plan for gjennomføring, og evt. vidare bruk/oppfølging
3. Detaljert budsjett eller kostnadsoverslag med finansieringsplan
4. Søklar skal opplyse om tilskot som allereie er innvilga, andre omsøkte tilskot og andre inntekter
5. Prioritering av tiltak:
 - Viser nytenking og kjem mange til gode
 - Skaper dei gode opplevingane
 - Skaper aktivitet og møteplassar på tvers av lag og organisasjonar
 - Verdsett dugnadsinnsatsen i aktiviteten
 - Bidreg til nyrekruttering
6. Søknad om støtte over kr 300 000, kjem ikkje inn under denne ordninga
7. Det skal søkast elektronisk og sendast kommunen før gjennomføring av tiltaket

Vilkår for utbetaling av tilskot

- a) Utbetaling av tilskot skjer etterskotsvis etter framlegg av godkjent prosjektrekneskap
- b) Tilskot som ikkje er nytta innan to år etter tildelinga fell tilbake til fondet